

Kan søkjeåtfærd vere ein sti gjennom urskogen av samansette ord?

Mikkel Ekeland Paulsen

Universitetet i Bergen

Å vurdere samansetningsutvalet i ei moderne norsk ordbok er ikkje ei heilt ukomplisert oppgåve. I nord-germanske språk er nemleg samansetjingsfunksjonen hyperproduktiv, noko som fører til at mellom anna norske korpus er spekka av samansette ordformer med varierende etableringsgrad.

Frekvens i korpus og semantisk transparens har til dømes av Fjeld og Vikør (2008) vorte trukke fram som viktige utvalsvariablar for samansetningar. I dette innlegget vil eg argumentere for at ein kan nytte søkjeloggar frå digitale ordbøker for å teste og skilje ut utvalsvariablar for samansette ord. Jamvel om det truleg ikkje finst nokon endeleg gullstandard for kva type samansetningar ein lyt ta med i ei gjeve ordbok, gjev søkjeloggane ein nyttig peikepinn på kva ord brukarane av ei spesifikk ordbok er interesserte i å søkje opp. Nett i spørsmålet om samansette ord er denne informasjonen særleg relevant, sidan det for dei fleste samansetningar er ei open redaktørvurdering kva som blir teke med.

Tidlegare forskning (t.d. Müller-Spitzer et al. 2015) har synt ein samanheng mellom korpusfrekvens og kor ofte eit ord vert ettersøkt i digitale ordbøker. Eg vil presentere resultat frå ei regresjonsanalyse basert på data knytt til nesten 1000 samansetningar, der søkjetal frå *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er avhengig variabel, og mellom anna frekvens og dispersjon i *Leksikografisk bokmålskorpus* er uavhengige variablar. Desse resultatane syner at både frekvens og dispersjon kan forklare noko av søkjeåtfærd i ordbøkene, men at det truleg òg finst andre viktige kvalitative variablar som spelar inn på denne.

Som Müller-Spitzer et al. (2015) og Wolfer et al. (2021) påpeikar, er søkjeloggar ei verdfull kjelde til kunnskap om ordbokbruk. Som dette innlegget vil syne, kan dei gje empirisk belegg for at utvalskriteria ein brukar for samansetningar på eit tilfredsstillande vis harmonerer med behova til brukarane, noko som er ei uavlateleg leksikografisk utmaning.

Referansar

Fjeld, R. V. & Vikør, L. (2008). *Ord og ordbøker*. Høgkuleforlaget.

Müller-Spitzer, C., Wolfer, S. & Kopenig, A. (2015). "Observing Online Dictionary Users: Studies Using Wiktionary Log Files". *International Journal of Lexicography*, 28 (1), pp. 1–26, <https://doi.org/10.1093/ijl/ecu029>

Wolfer, S., Michaelis, F. & Müller-Spitzer, C. (2021). "Nutzungstatistiken von linguistischen Online-Ressourcen: Potentiale und Limitationen". *Zeitschrift für Angewandte Linguistik* 75(1), pp. 395-430.

Nøkkelord: samansetningar, dispersjon, frekvens, søkjeåtfærd, utvalskriterium